

# Pressemelding

21.01.2024

## Uvêr råkar Vestland – stengde fylkesvegar og skular

**Ekstremvêret vil gi stor skredfare og svært vanskelege køyreforhold i delar av fylket dei kommande døgn. Kvam og Odda vidaregåande skular stenger 22. januar, og fleire fylkesvegar kan bli stengde på kort varsel.**

– Vi oppmodar om å følgje med på lokale vegmeldingar og vise varsemnd, seier Dina Lefdal, avdelingsdirektør i Vestland fylkeskommune.

### Følg med på lokale varsel

– Vi har allereie stengt fleire fylkesvegar søndag 21. januar, då faren for snøskred er svært stor med det vêret som kjem no, i tillegg til dei vi har stengt grunna ras som har gått. Vestlendingane må sjå lokale forhold og sjekke vegmeldingar på [175.no](http://175.no) og farevarsel før dei vurderer å køyre det neste døgnet, det generelle rådet er å la bilen stå, seier Dina Lefdal, avdelingsdirektør for infrastruktur og veg.

I områda Indre Fjordane, Indre Sogn, Voss og Hardanger er farevarselet for skred på raudt nivå for 22. januar.

Om ein skal nytte kollektivtransport blir det oppmoda om å sjekke [skyss.no](http://skyss.no) eller Skyss app om det er innstilte eller endra ruter og tilbod.

### Vgs. og tannhelse

Desse forholda gjer at dei vidaregåande skulane i Kvam og Odda vil ha heimeskule og digital undervisning måndag 22. januar. Elevar med særskilde behov for tilrettelegging som ikkje har nødvendig tilsyn i heimen, vil få undervisning på skulen.

Rundt Odda er både fv. 550 og rv. 13 i sørgående retning stengde søndag kveld.

Alle dei offentlege tannhelseklinikkane er i utgangspunktet opne. Pasientar blir bedne om å ta omsyn til lokale forhold, og kontakte klinikken om dei ynskjer å flytte timeavtalar.

### Steinsprang, glatt og vatn i vegen

Det er ikkje berre skredfare som gjer forholda vanskelege. Det er kombinasjonen av mildvêr, store nedbørsmengder og vind som gjer det vanskeleg i store delar av fylket. Snømassane vil smelte, og det er fare for overflatevatn, steinsprang, isnedfall og svært glatte forhold både på vegar og gang- og sykkelvegar dei neste dagane.

– Når dette vêret står på veit ein ikkje kva som ventar rundt neste sving, det kan vere både stein og store isklumpar. Vi jobbar på spreng no med å sikre og rydde fylkesvegane og vurdere stenging der forholda blir for farlege, men særleg måndag blir forholda svært vanskelege mange stader i fylket, seier Lefdal.

Sterk vind gjer også at fleire fjellovergangar kan bli stengde, og fører til større skredfare.

### **Tryggleik kjem først**

Grunna stengde fylkesvegar blir det satt opp båttransport mellom Vik og Feios og Vik og Arnafjorden i Vik kommune frå morgonen 22. januar. Fylkeskommunen er i dialog med Sogndal kommune om båttransport til Menes og Vetlefjorden.

– Vi følger situasjonen tett i døgn som kjem, også med geologane våre som ser på forholda ulike stadar i fylket. Vi jobbar for å opne fylkesvegane att så snart det er trygt og forsvarleg, men tryggleiken til både trafikantar og mannskap kjem først, seier Lefdal.

### **Vedlegg**

SKREDFARE: Det er stor fare for snø- og sørpeskred som på bildet, med uvêret som råkar Vestland natt til måndag 22. januar, her frå fv. 55 i Lånefjorden i desember 2023. foto: Vestland fylkeskommune

### **Kontaktpersonar**

Dina Lefdal, avdelingsdirektør infrastruktur og veg, 95 70 08 13,

[dina.johanne.lefdal@vlfk.no](mailto:dina.johanne.lefdal@vlfk.no)

Bjørn Lyngedal, avdelingsdirektør opplæring og kompetanse, 95 03 37 70,

[bjorn.lyngedal@vlfk.no](mailto:bjorn.lyngedal@vlfk.no)